

Byte varer

DINE RETTAR



FORBRUKARRÅDET

INFORMASJON FRÅ FORBRUKARRÅDET
2005 NYNORSK

Kva er byterett?

Byterett vil seie at du kan returnere ei vare til butikken eller utsalsstaden mot å få ei anna vare tilbake.

Her er nokre nyttige opplysningar og gode råd når du ønskjer å byte ei vare.

BYTERETT – IKKJE LOVREGULERT

Forbrukarkjøpslova gir deg ikkje rett til å byte varer som ikkje er mangelfulle. Du må anten avtale byte med seljaren eller rette deg etter sedvane eller annan praksis i bransjen. Det er vanleg å få byte vare mot vare når det gjeld til dømes klede, bøker og gullsmedvarer. Etter jul er det sedvane å gi byterett for dei fleste varer. Forbrukarkjøpslova gir deg klagerett og rett til å byte varer med feil og manglar.

GODE RÅD

- Ta vare på kvitteringa.
- Gå tilbake til butikken så snart du kan, når du ønskjer å byte noko.
- Vara må vere ubrukt og utan skadar.
- Som hovudregel må du byte vara i den same butikken som ho er kjøpt.
- Er det manglar ved vara, har du krav på reparasjon eller omlevering, eller i enkelte tilfelle prisavslag, heving av kjøpet og erstatning.

Når du kjøper

Det er lurt å be om eit bytekort når du handlar. Dermed kan du unngå problem i ettertid. Når det gjeld hygieniske artiklar, kroppsnære klede og varer som

er særleg ømtolige eller taper seg raskt i verdi, må bytet avtalast særskilt med seljaren. Dersom du blir informert om det når du kjøper, må du akseptere at du ikkje kan byte vara. At du ikkje kan byte, kan gå fram av emballasjen, oppslag i butikken eller på annan måte.

Salsvarer

Når du kjøper varer på sal eller på tilbod, kan det hende du må akseptere at du ikkje har byterett. Seljaren må opplyse om det når du kjøper vara.

Behandling av varer

At vara er ubrukt og uskadd, er vanlegvis ein føresetnad for å kunne byte. Viss du har pakka ut vara, kan du blir nekta å byte henne. Særleg kan det gjelde når vara er pakka i plastemballasje som ikkje enkelt kan erstattast med ny. Det har dessutan mykje å seie om vara problemfritt kan seljast på nytt. Ein føresetnad kan òg vere at seljaren beheld fortienesta.

Kvittering

Seljaren krev vanlegvis kvittering som viser at vara er kjøpt i butikken hans. Kan du på annan måte bevise handelen, kan han berre krevje kvittering dersom han opplyser deg om det ved kjøpet.



FORBRUKARRÅDET The Consumer Council of Norway
Postadresse: Pb. 4594 Nydalen, 0404 Oslo, E-post: post@forbrukerradet.no
Publikumstelefon: 815 58 200 • Sekretariatstelefon: 23 40 05 00 • Telefaks: 23 40 05 04

© Forbrukarrådet • 11/05 • Design: Tank Design AS • Trykk: Lobo Media AS

BRUK AV BYTERETTEN

- Du kan byte vare mot vare.
- Som regel godtek seljaren at du byter i ei meir verdifull vare dersom du betaler mellomlegget.
- Du kan ikkje krevje å få bytt til ei vare som er vesentleg mindre verd, og få differansen utbetalt kontant (sjå avsnittet om tilgodelapp).
- Som hovudregel kan du berre krevje å få bytt vara i same butikken eller kjeda som vara blei kjøpt i.
- Seljaren kan avslå at du byter varer som er kjøpte til ordinær pris, i varer på sal eller tilbod.
- Du må byte så fort som mogleg etter kjøpet dersom de ikkje har avtalt noko anna.

Tilgodelapp

Dersom du ikkje finn noko som passar, eller dersom du av andre årsaker ikkje har høve til å byte, skal seljaren gi deg ein tilgodelapp på den fulle verdien til vara. Har du bytt i ei vare som kostar mindre, kan du krevje å få tilgodelapp på resten. Viss ikkje noko anna er oppgitt, er tilgodelappen gyldig i tre år.

VARER MED MANGLAR

Dersom du har kjøpt ei vare som har ein mangel, har du rettar etter forbrukarkjøpslova. Det er ein mangel når vara ikkje er i samsvar med krava til art, mengd, kvalitet, andre eigenskapar og innpakning som er føresette ved kjøpet. Det er òg ein mangel viss seljaren har gitt urette eller villeiande opplysningar då du kjøpte vara. Det er dessutan ein mangel viss vara ikkje er i samsvar med tryggleikskrava som er fastsette av det offentlege.

- Dersom vara har ein mangel, kan du krevje at seljaren skal reparere vara

utan at det kostar deg noko, eller at han leverer deg ei ny vare. Du kan òg ha krav på prisavslag, heving av kjøpet og erstatning. Rettane dine etter forbrukarkjøpslova gjeld anten vara er kjøpt til full pris eller på sal.

NÅR DU VIL KLAGE

Dersom du skal klage på ein feil, må du rette klaga mot firmaet du vil stille ansvarleg, vanlegvis den som selde deg vara.

Du kan gå inn på www.forbrukerportalen.no, KLIKK & KLAG, som er den interaktive klagerettleiaren til Forbrukarrådet. Her finn du ei oversikt over rettane dine og gode råd om korleis du skal gå fram når du skal løyse ei klage. Du finn òg standard klagebrev som du kan fylle ut med eigne opplysningar, skrive ut, signere og sende til motparten.

Dersom de ikkje blir samde, kan du sende brevet til Forbrukarrådet eller ein annan klageinstans, til dømes ei klagenemnd. Meiner du at ein næringsdrivande marknadsfører produkta sine på ein tvilsam måte, kan du klage til Forbrukarombodet.

Du kan dessutan ta kontakt med Forbrukarrådet på publikumstelefonen 815 58 200. Dersom meklinga i Forbrukarrådet ikkje fører fram, kan saka bringast inn for forbrukartvistutvalet og det ordinære rettsapparatet.

KLIKK & KLAG

forbrukerportalen.no

ORDLISTE

Sedvane – praksis som har vore så fast og langvarig at han er juridisk bindande dersom partane ikkje avtaler noko anna.

MEIR OM

Lov om forbrukerkjøp (forbrukarkjøpslova) av 21.06.2002. Gjeld kjøp etter 01.07.2002.

Lov om kjøp (kjøpslova) av 13.05.1988. Gjeld kjøp før 01.07.2002

Lov om kontroll med markedsføring og avtalevilkår (markedsføringslova) av 16.06.1972

Sjå www.lovdatab.no eller særtrykk.

NYTTIGE ADRESSER

Forbrukarombodet

Forbrukarombodet behandlar formelle klager på urimeleg marknadsføring eller urimelege avtalevilkår

Adresse:

Pb. 4597 Nydalen, 0404 Oslo
Telefon: 23 40 06 00
www.forbrukerombudet.no

Forbrukartvistutvalet

Forbrukartvistutvalet er eit domstolliknande organ som er knytt til tvisteløysingsverksemda til Forbrukarrådet.

Adresse:

Pb. 4596 Nydalen, 0404 Oslo
Telefon: 23 40 05 35
www.forbrukertvistutvalget.no

ANNAN INFORMASJON FRÅ FORBRUKARRÅDET

Forbrukerkjøpsloven, Angrerett på kjøp av varer og Postordrehandel

Sjå www.forbrukerportalen.no eller papirutgaver.

